



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato
31.10.2017
Dykkar dato
20.10.2017

Vår referanse
2017/895 730
Dykkar referanse

Lindås kommune
v/Leni Dale
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune – Tilleggsøyving til kompetanseheving for tilsette i omsorgsyrke/tenester

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post av 25. september 2017 der det vart orientert om *Tilleggs bevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017*, Prop. 129 S (2016 – 2017) og kommunen sin søknad av 02.10. 2017.

Tilskotet vert gitt etter at det er vedteke auka løyving til ein kompetansehevingspott for tilsette i omsorgsyrke/tenester i samanslegne kommunar.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunane si eiga prioritering.

Tildeling av ekstratilskot 2017

Fylkesmannen tildeler ekstra tilskot på 123 966,94 kroner til Lindås kommune til kompetanseheving.

Regler for klagebehandling

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningslova § 28.

Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har fått tilbake stadfestingsskjema, sjå vedlegg. Fyll ut og send vedlagte stadfesting til fmhopostmottak@fylkesmannen.no snarast.

Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell omdisponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til

Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt kan ubrukte midlar søkjast overført til neste års budsjett.

Rekneskapen for tilskotet skal først separat, skilt frå det kommunale rekneskap, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løyvingsreglementet.

Det er eit krav at rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for tilskotet skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

Krav til rapportering på at mål er nådd:

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportane skal sendes oss elektronisk, og rapporteringsskjema finn du på våre nettsider. Det skal fyllast ut to rapporteringsskjema, eit skjema for hele tilskotet og eit Excel ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2017
- Det er eit krav til revisorkontroll når tilskotet er meir enn kr 200 000

Frist for rapportering er 01.03.2018. E-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Sjur Lehmann
ass. fylkeslege/ seksjonsleiar helse

Beate Helland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Stadfestingsskjema